

# Raskt i tøft fjelløp

Ingen hadde trudd det var muleg, men Thomas Andersen beviste at det går an å springe Hornindal rundt på godt under elleve timar.

**FJELLØP.** – Dette var eit fantastisk løp, seier Thomas Andersen frå Fana IL som sprang dei sju mila rundt Hornindal på ti timar, 42 minutt og 25 sekund.

Hornindal Rundt – «Norges tøffaste fjelløp» blei arrangert for første gong i helga, og det var venta at deltakarane ville bruke mellom 15 og 30 timar.

**Kjennest i kroppen.** Andersen vedgår at løpet var hardt, men det var også det han deltok for. Dagen derpå kjenner han dei 5.200 høgdemeterane i kroppen.

– Eg skal ikkje springe noko i dag, men det er faktisk betre enn eg hadde trudd, seier Andersen.

Det han opplevde som hardest var at Ivar Haugen i sju mil låg hakk i hæl. Han måtte heile tida springe på for å halde forfølgjaren unna, noko han opplevde som psykisk hardt.

**Skodde.** Tett skodde med berre 20 meter sikt gjorde det vanskeleg for løparane tidleg i løpet.

– Farten gjekk ned i skodda. Med fint vær heile vegen er det fullt muleg å springe dette løpet fortare, meiner Andersen og legg til at han no også har han eitt år å trene til neste løp.

Verst var skodda ved Gulekopen, 1306 meter over havet.

– Heldigvis var det ekstra merka eit stykke. Då det ikkje lenger var ekstra merka, mista eg tråden og måtte springe tilbake eit par gonger, fortel skiskyttaren Einar Fannemel som var raskast i halvt løp.

Og han er godt fornøgd med løpet som er om lag 35 kilometer

langt og har 2750 høgdemeter.

– Dette var veldig artig. Eg har aldri sprunge så langt før, fortel han.

For Einar var det ikkje noko alternativ å springe fullt løp.

– Eg var bra ferdig då eg kom i mål på halvt. Dette er noko eg gjer for moro skuld, og det må ikkje øydelegge for anna trening, seier skiskyttaren som satsar for fullt til neste skisesong.

Fannemel sprang inn på fem timar og ni minutt, ein time og ti minutt før nummer to, Jan Erlend Innselset. Innselset er for tida heime i Volda på ferie og blei utfordra til å stille to dagar før løpet

– Dette var eit utruleg bra initiativ og eit artig løp, seier Innselset og rosar arrangøren.

**28 timar.** 16 deltakarar fullførte heile løpet, medan 39 tok halve løpet. Nokre løparar hadde tenkt å gå heile løpet, men valde å endre til halvt løp undervegs.

– Alt har gått bra, og vi er fornøgde med at vi har fått knalltider som nok blir vanskelege å slå, seier løpsleiar Amund Sverre Tomasgard, ein av dei som hadde vore oppe heile natta og teke mot løparar. I 13-tida søndag var dei to siste løparane på veg inn til mål – 28 timar etter at dei starta laurdag morgon.

ANNE-MARI TOMASGARD  
anne-mari.tomasgard@smp.no

«Med fint vær heile vegen er det fullt muleg å springe dette løpet fortare»

THOMAS ANDERSEN



**VINNAR.** Skiskyttaren Einar Fannemel var raskast på halvt løp, og brukte vel fem timar i fjella på sørsida av Hornindal.



**RASKAST.** Thomas Andersen frå Fana IL i Bergen likar harde fjelløp og brynte seg laurdag på fjella i Hornindal. Her er han i Hjortedalen, etter å ha sprunge bakken ned frå Tussa. Klokka er halv fem og han har igjen Høge-nibba, Kviven, Otredalsskaret, Otredalssetra og Ytrehornsnakken.



**FØRSTE.** Rundt 60 personar la ut på fjelløpet Hornindal Rundt laurdag morgon. Løpet blei arrangert for første gong.